

# LANGEDALEN.

## LANDSKAP

### Tilkomstsona

Ca 2 km skogsbilveg. Området er prega av aktivt skogbuk. Furu og gran dominerer. Parkeringsplassen er godt skjerma frå vatnet (Stølssona) og fint opparbeid og tilrettelagt. Den gamle stølsvegen/stien er tilgjengeleg men ikkje avmerkt på kart.




Bilde 1: Tilrettelagt parkeringsplass øvst i tilkomstsona.

### Stølssona

Langstrakt dalrom prega av vatnet og frodige lauvkledde lier. Sona er visuelt oppdelt i to landskapsrom der vatnet er smalast: det første med naustrekke i nordenden og Arnastøylen i lisida, og det andre der Fitjestøyelen framstår som eit heilskapleg klyngetun i enden av vatnet.



Bilde 2: Osen i nordenden av Langedalsvatnet. Her kan ein leige båt og kjøpe fiskekort.



Bilde 3: Teke innover Langedalsvatnet frå Osen. Arnestadstølen ligg til venstre, rett før ein kjem inn til det smale sundet som nesten deler vatnet i to.